**Kommuneplanens arealdel Midt-Telemark kommune 2021-33, vedlegg til planomtale**

Vedlegg nr 1 - Oppsummering og vurdering av innspel til planarbeidet

Innspela kan lesast på kommunen si heimeside.

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Bustad | 51/1 | TVB bustad AS | Breisås. Endring fra LNF til bustad for bustadområde på ca 70 daa øverst i Breisås, tilsvarende B23 i forrige høring av arealdel for Bø | I tråd med utbyggingsmønster (2) og strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6). Om lag 2,5km frå sentrumsfunksjonar og skule, men høgdeforskjell kan gje bilbasert utbygging, dvs konflikt med strategi 4. Utbyggingsområdet er eit viktig friluftsområde, konflikt med strategi 7. Behov for beredskapsveg ut av Breisås, kapasitet på Borgjabrua for auka trafikk må vurderast. På tross av konfliktar med overordna strategiar gjekk innspelet til trinn 2 for å få fram alle konsekvensar av eit forslag det har vore omfattande diskusjon om tidlegare. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt bustadområde |
| 2 | Bustad | 53/4, 5 og 6 | Verpe, KA og Nordbø, H | Endring fra LNF til bustad for utvidelse av bustadområdet på Nordbøåsen på ca 250 daa | I tråd med utbyggingsmønster (2) og strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6). Om lag 2,5km frå sentrumsfunksjonar/skule for gåande og syklande, men høgdeforskjellar kan gje bilbasert utbygging, dvs konflikt med strategi 4. Utbyggingsområdet er eit viktig friluftsområde, konflikt med strategi 7. På tross av konfliktar med overordna strategiar gjekk innspelet til trinn 2 for å få fram alle konsekvensar av forslaget om utbygging av eit område der det er lagt ned store summar i infrastruktur, som kan nyttast i ei utbygging. | Konsekvensutgreidd. Ikkje tilrådd som nytt bustadområde. |
| 3 | Bustad | 182/1 | Sannes, Hilde | Endring fra LNF til bustad for nytt bustadområde på ca 20 tomter ved Gunheim | I tråd med utbyggingsmønster (2). Hovudsakleg i tråd med strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6), men delvis dyrkbart areal heilt i vest. Byggegrense mot dyrka mark må avklarast. Evt konflikt med strategi om friluftområde og tilgang til strandsona (8) avhengig av om tilkomst til elva frå Hørtevegen kan sikrast. Forslaget blei ikkje konsekvensutgreidd fordi grunneigar trakk forslaget. | Ingen endring |
| 4 | Bustad | 19/34 | Verpe, Kjell Aage | Endring fra LNF B til bustad for nytt bustadområde på 17 daa ved Lihegna | Større bustadområde utanfor tettstad, dvs i konflkt med fastsett utbyggingsmønster (2). Ikkje i konflikt med dyrka/dyrkbar mark. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | Bustad | 38/8 | Bruserud, Kirsten | Endring fra LNF til bustad for utviding av bustadområdet B5 ved Bakås i gjeldande plan med ca 12 daa | tørre bustadområde utanfor tettstad, dvs i konflkt med fastsett utbyggingsmønster (2). I konflikt med strategi om dyrka/dyrkbar mark (6) fordi det ikkje vil vere mogleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot dyrka mark. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 6 | Bustad | 19/34 | Verpe, Kjell Aage | Endring fra LNF B til bustad for mindre bustadområde på 4,5 daa nederst i Liheia | Bustadområde utanfor tettstad, dvs i konflkt med fastsett utbyggingsmønster (2). Heile arealet er dyrka mark, dvs konflikt med strategi 6. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 7 | Bustad | 191/5 | Svalastog, Arne | Endring fra LNF til bustad for ca 18 daa utviding av Ødegårdsfeltet | I tråd med utbyggingsmønster (2). Konflikt med strategi om bevaring av dyrka og dyrkbar mark (6), da arealet er dyrkbart. Byggegrense mot dyrka mark må avklarast. Ca 2,7 km frå skule, i tråd med strategi 4 om transport. Infrastruktur etablert i eksisterande bustadfelt, og innspelet bør difor takast med til KU for grundigare vurdering på tross av konflikt med strategi 6. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt bustadområde |
| 8 | Bustad | 117/1 | Haug, Hans | Endring fra LNF til bustad for 2 daa stor tomt på Nordagutu | Arealet er dyrkbart. Innanfor viktig friluftsområde, dvs konflikt med strategi nr 7. Flekkvis utbygging som vil føre til fragmentering av større område som bør sjåast i samanheng. Arealbehovsanalysa viser at det ligg ein større bustadreserve på Nordagutu som ikkje er utbygd. Det vert difor ikkje vurdert som naudsynt å legge til rette for bustadbygging utanfor allereie regulerte område. I reguleringsplan for Nordagutu – nordre del (Svevalia) er det regulert framtidig veg tvers gjennom dette området. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 9 | Bustad | 54/75 | Bø, Geir og Synnøve | Endring fra LNF til bustad for ei bustadtomt ved Rokkemakervegen | Området er klassifisert som dyrka mark, sjølv om forslagsstillar opplyser om at det ikkje blir dyrka i dag pga stein og morene. Innanfor eit område med henynssone for dyrka mark som skal styrke jordvernet ytterlegare. Uheldig å bryte opp samanhengande areal, og vanskeleg å bygge på utan konflikt med byggegrense mot dyrka mark. Konflikt med strategi 6. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | Bustad | 54/3 | Verpe, Kjell Aage | Endring fra LNF til bustad for ei bustadtomt ved Mørkholtåsen (Brattsberg) | Innspelet ligg i skråninga opp mot Mørkholtåsen, som er regulert til bustad i områdereguleringsplan for Nordbøåsen. Bustadområdet på Mørkholtåsen har god avstand til dyrka mark, som blir forsterka av høgdeforskjellen. Innspelet ligg tett inntil dyrka mark, og vil vere vanskeleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot dyrka mark, konflikt med strategi 6. Mørkholtåsen er ikkje påbegynt enno, og det vert ikkje vurdert som naudsynt med byggeareal utanfor dette området og uheldig å bryte den markerte grensa mot dyrka mark som den bratte skråninga utgjer. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 11 | Bustad | 181/5 | Haugen, Jon Jarle | Endring fra LNF til bustad for ei bustadtomt ved gardstun, Gunheim | Dyrkbar jord av god kvalitet i eit stort samanhengande jordbruksområde og kulturlandskap. Ikkje mogleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot dyrka mark (dyrka mark på alle sider), konflikt med strategi 6. Uheldig å opne opp for spredte tomter i dette landskapet. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 12 | Bustad | 43/6 | Fossheim, Helge | Endring fra LNF til bustad for ei bustadtomt på Langkåshaugen | Ikkje mogleg å bygge ut med tilstrekkeleg byggegrense mot dyrka mark. Området ligg innanfor hensynssone som skal gje landbruksområde ytterlegare vern, dvs konflikt med strategi 6. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 13 | Bustad | 180/2 | Mathias Bergan | Endring fra LNF til bustad for eksisterande tomt ved Gunheim | Utover arealet der det står ein bustad i dag, består eigedomen i hovudsak av dyrka mark, dvs at byggeformål her vil vere i konflikt med strategi nr.6. Det er opna for spreidd bustadbygging i området, men dette forutset at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dyrka mark. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 14 | Bustad | 18/115 | Nordskog, Øystein | Endring fra fritidsbustad til bustad for eksisterende tomt ved Lifjell hotell. Oppheving av plan 04 13 93 | Området ligg langt frå sentrumsfunksjonar og skule (4,3 km), og det er uheldig å legge til rette for bustadbygging så langt opp mot Lifjell, jf. prinsipp som var lagt til grunn ved førre rullering. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 15 | Fritids-bustad | 18/218, 10/10 | Hytteutviklere på Lifjell | Endring fra LNF til fritidsbustader for nytt hytteområde på ca 300 daa ved Håraldskår | Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Rett vest for området er det nyleg regulert eit stort felt som ikkje er starta opp, og ein ser ikkje behov eller gjennomføringsrealisme for eit nytt stort felt her i planperioden. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |
| 16 | Fritids-bustad | 9/467, 9/2 | Fossheim, fam., hytteutviklere på Lifjell | Endring fra LNF til fritidsbustad for området som ble kalt H8 i forrige KDP Lifjell (ca 40 daa, gjort om til LNF ved forrige rullering). Fossheim: Inkludere hele 9/2 i H8 | Området ligg i tilknytning til eks. hytteområde og er i tråd med strategi 10. Delar ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred. Området låg inne i førre KDP, men ble tatt ut av planen ved rulleringa i 2014. Dette gjaldt alle uregulerte hytteområde på Lifjell der grunneigarane ikkje ville forplikte seg til å bidra økonomisk til utbygging av alpintilbodet på Lifjell. Selskapet dei øvrige grunneigarane stifta for å finansiere heisutbygging er no oppløyst. Områda som blei tatt ut bør bli med vidare i prosessen og vurderast tatt inn igjen. Sidan områda låg inne i førre plan, vert områda ikkje vurdert som KU-pliktige. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |
| 17 | Fritids-bustad | 9/38 | Farnes, familien | Endring fra LNF til fritidsbustad for området som ble kalt H9 i forrige KDP Lifjell (ca 30 daa, gjort om til LNF ved forrige rullering) | Området ligg i tilknytning til eks. hytteområde og er i tråd med strategi 10. Området låg inne i førre KDP, men ble tatt ut av planen ved rulleringa i 2014. Dette gjaldt alle uregulerte hytteområde på Lifjell der grunneigarane ikkje ville forplikte seg til å bidra økonomisk til utbygging av alpintilbodet på Lifjell. Selskapet dei øvrige grunneigarane stifta for å finansiere heisutbygging er no oppløyst. Områda som ble tatt ut bør bli med vidare i prosessen og vurderast tatt inn igjen. Sidan områda låg inne i førre plan, vert områda ikkje vurdert som KU-pliktige. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 | Fritids-bustad | 9/38 | Farnes, familien | Endring fra LNF til fritidsbustad for området som ble kalt H5 i forrige KDP Lifjell (ca 15 daa, gjort om til LNF ved forrige rullering). Areal nær sentrumsområdet bør prioriteres utbygd. Markedstilpassa krav til sentrumsområdet. | Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Området låg inne i førre KDP, men ble tatt ut av planen ved rulleringa i 2014. Dette gjaldt alle uregulerte hytteområde på Lifjell der grunneigarane ikkje ville forplikte seg til å bidra økonomisk til utbygging av alpintilbodet på Lifjell. Selskapet dei øvrige grunneigarane stifta for å finansiere heisutbygging er no oppløyst. Områda som ble tatt ut bør bli med vidare i prosessen og vurderast tatt inn igjen. Sidan områda låg inne i førre plan, vert dei ikkje vurdert som KU-pliktige. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |
| 19 | Fritids-bustad | 9/38 | Farnes, familien | Endring fra LNF til fritidsbustad for ca 6 daa vest for Jønnbu hytteparkering. Regulert til parkering i reguleringsplan, eldre reg.plan bør oppheves. | Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Ingen kjente konfliktar med overordna arealstrategiar. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |
| 20 | Fritids-bustad | 9/486, 9/429 | Fossheim, fam., Gullord Geoservice AS | Endring fra sentrumsformål til fritidsbustader for sentrumsområdet på Jønnbu. | I kva grad det er behov for et så stort sentrumsområde (varme senger, kommersiell verksemd) som det som er sett av i gjeldande KDP er avhengig av om alpintilbodet og den kommersielle verksemda på Lifjell skal vidareutviklast. Øvre del av område består av myr, ein naturtype ein bør unngå nedbygging av, skiløype er regulert gjennom gjeldande reguleringsplan for området og må ivaretakast vidare. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 21 | Fritids-bustad | 18/117 | Hytteutviklere på Lifjell | Endring fra LNF/turdrag til fritidsbustad for å utvide eksisterende hytteområde H6 med 24 tomter | Hovudløypa gjennom Solskinnsdalen og mot Anebuflåtin og Krinto går gjennom området. I innspelet er det lagt opp til at traséen som er sett av til turdrag (løypetrasé med buffer) snevrast inn og leggast i svinger gjennom feltet. Styrking av langrennstilbodet blir trekt fram som vesentleg for å utvikle Lifjell som destinasjon, og det vil vere svært uheldig om hovudløypa skal gå gjennom hyttefelt og med kryssing av veg. Innspelet er i konflikt med strategi 7 om å sikre viktige friluftsområde. Ligg i tilknyting til eks. hyttefelt, men kan likevel vere i konflikt med strategi 10 om å bygge ut fritidsbustader slik at dei styrkar eksisterande destinasjonar fordi den reduserer attraktiviteten til ei av dei mest sentrale skiløypene nedanfor høgfjellet. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |
| 22 | Fritids-bustad | 16/9 | Fuentes-Gauslaa, Øystein | Endring fra LNF til fritidsbustad for x daa i tilknyting til eksisterande hytteområde i Slåttedalen (1) | Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Vestre del av området er myr og bør unngå nedbygging. | Konsekvensutgreidd. Foreslått som nytt område for fritidsbustad, med justeringar. |
| 23 | Fritids-bustad | 18/37 | Verpe, Kjell Aage | Endring fra LNF til fritidsbustad for ei hyttetomt sør for Lifjellvegen ved Torekåsa | Innspelet inneber spreidd utbygging av fritidsbustader, medan arealstrategi 10 gjev føringar for at fritidsbustader skal etablerast i tilknytning til eksisterande hytteområde. Avkøyringar til enkelttomter langs fv 3332, som er bratt og svingete på dette partiet, vil vere uheldig. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 24 | Fritids-bustad | 18/37 | Verpe, Kjell Aage | Endring fra LNF til fritidsbustad for ei hyttetomt aust for Lifjellvegen ved Dalen | Sjå nr. 23 | Ingen endring |
| 25 | Fritids-bustad | 18/37 | Verpe, Kjell Aage | Endring fra LNF til fritidsbustad for ei hyttetomt aust for Lifjellvegen ved Dalen | Sjå nr. 23 | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 26 | Fritids-bustad | 17/15 | Brukås, Jon Einar | Åpne for mulighet til å sette opp fritidsbustad på gammelt tun (skal ikkje fradeles) | Området ligg ikkje i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i konflikt med strategi 10. Innspelet er grunngjeve med at bruket er overtatt av to eigarar, som både driv med sau og har planar om å få sau inn i området og slik få kulturlandskapet tilbake, og tomta skal ikkje delast frå. Bruket hadde tidlegare tre bygg, men berre eit står att. Dette er ein landbrukseigedom, og ein ny fritidsbustad skal ikkje delast frå. Det vert difor ikkje tilrådd å legge ut arealet til fritidsbustad, men at saka vert behandla som ein dispensasjonssak, der særlege grunnar for å sette opp ein fritidsbustad blir lagt fram. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 27 | Fritids-bustad | 18/39 | Schartum, Eivind | Endring fra LNF til fritidsbustad for del av eksisterande hyttetomt ved Lifjell hotell | Ikkje i konflikt med overordna arealstrategiar. Innspelet bør takast med vidare, men endring av formål for denne smale stripa som høyrer til eksisterande fritidsbustad vert ikkje vurdert som KU-pliktig. | Ikkje ku-pliktig |
| 28 | Næring/ sentrum | 47/27 4, 343, 349 | Bø handelspar k | Utviding av sentrumsformål, "ytre sentrumssone" for Bø handelspark tilrettelagt for bilbasert handel og store bygningsvolum (inntil 6000m2 BRA pr bygg) | Arealstrategi 5 fastslår at det skal leggast til rette for detaljhandel innanfor dagens sentrumsgrense for Bø sentrum, dvs at utviding av grensa er i konflikt med denne strategien. Av denne går det også fram at det er plass-krevande varer det skal leggast til rette for i Bø handelspark. Dette innspelet vart likevel tilrådd tatt vidare til konsevensutgreiing pga kompleksiteten i saka, slik at ein sikrar tilstrekkeleg utgreiing av konsekvensane. | Konsekvensutgreidd. Ikkje tilrådd utvida sentrums-område, men tilrådd opna for detaljhandel gjennom endra arealføremål. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 29 | Næring/ sentrum | 203/7, 118/1, 118/2, 119/12 | Jernbanedirektoratet | Ny plan bør legge til rette for ny tømmerterminal ved Sunde, Nordagutu, basert på utredning fra Bane NOR. Formålsendring fra næring (omr 28 i gjeldande plan) til bane og tilrettelegging for tilkomst frå fylkesveg. | Dagens tømmerterminal på Bø stasjon er uheldig både for næringa og for utnytting av verdifulle sentrumsareal tett på kollektivknutepunktet. Innspelet om å flytte denne til Sunde er difor i tråd med strategiane om å vidareutvikle Bø sentrum som regionsenter, fortetting i sentrum og kollektivtransport. Sjølve tømmerterminalen vil sannsynlegvis ikkje gje mange arbeidsplassar, men med næringsareal inntil, ligg det til rette for t.d. andre verksemder knytt til jernbanen og knutepunktet på Nordagutu. Meir enn halve området ligg allereie som byggeområde (næring), men ikkje med tilkomst frå fv3340, slik terminalen krev. I utgreiinga frå BaneNOR er ulike løysingar for terminalen vurdert. Desse får ulike konsekvensar for veg, dyrka mark og om det blir behov for innløysing av bygg. Dette må utgreiiast nærare i ein reguleringsplan eller kommunedelplan når endeleg løysing er valt. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt føremål til bane. |
| 30 | Næring/ sentrum | 28/6, 28/6-1 | Kjell Espedalen | Endring fra LNF til næringsområde (masseuttak og verkstednæring) for ca 60 daa mellom to masseuttakområde på Herremo | Innspelet er ikkje i konflikt med overordna arealstrategiar. Som ein del av planarbeidet vert det gjort ei vurdering av om gjeldande hensynssoner for sikring av drikkevatn er tilstrekkelege. Innspelet må vurderast på bakgrunn av dette | Konsekvensutgreidd. Ikkje tilrådd grunna nærleik til drikkevasskjelder |
| 31 | Næring/ sentrum | 9/501, 9/98, 9/32 | Sør Arkitekter for Breiva gjestegård | Endring fra LNF til fritids- og turistformål for 43 daa på Breiva gjestegård for å tilrettelegge for glamping, jf. gitt dispensasjon. | Innspelet er ikkje i konflikt med arealstrategiane. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt føremål for fritids- og turistføremål |
| 32 | Næring/ sentrum | 1/8 | Hegna, Håkon | Endring fra LNF til næring for ca 40 daa utviding av næringsområdet N4 ved Rallevegen til komposteringsanlegg | Området ligg i eit større viktig friluftsområde, men inntil veg og to andre mindre næringsområde. Konflikt med friluftslivet vil sannsynligvis avhenge av i kva grad innspelet berører stinettet. I løpet av prosessen har området blitt uvida. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt føremål for næring. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 33 | Næring/ sentrum | 9/2 | Hellestad sandtak | Endring fra LNF til råstoffutvinning for å utvide Hellestad sandtak med 40 daa mot nord-øst | Arealbehovsanalysa peiker på at det er behov for å sette av areal til råstoffutvinning. Utvidinga av sandtaket er forslått inn i eit smalare parti av eit viktig friluftsområde. Innspelet er i konflikt med strategi 7, men er vist i to ulike alternativ for å minimere konsekvensane for friluftslivet (begge ligg innanfor kartavgrensinga av innspelet). Innspelet gjeld utviding av ei større eksisterande verksemd som er knytt til ressursen på staden, og bør difor likevel vurderast nærmare i ei KU. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt føremål for råstoffutvinning |
| 34 | Næring/ sentrum | 10/10 | Hytteutviklere på Lifjell | Endring fra LNF til råstoffutvinning for stein/pukk-uttak på 30 daa sør for Torillstul | Områda ligg i skråninga nedanfor eit større regulert hyttefelt. Nr 35 ligg om lag 130m frå nærmaste hyttetomt, medan nr 34 ligg på det nærmaste 300m frå regulert hyttetomt. Det må vurderast i KU om innspela vil styrke destinasjonen i form av enklare massetransport eller om dei negative konsekvensane i form av støy og naturinngrep vil være større og dermed vere i konflikt med strategi nr 10. Nr 34 ligg nær regulert veg til hytteområdet, men tilkomst til nr 35 vil krevast det byggast ei lengre vegstrekning i eit svært bratt og krevjande terreng. Forslaget blei ikkje vidare handsama fordi kdp Lifjell blei bestemt vidareført uendra. | Ingen endring |
| 35 | Næring/ sentrum | 18/218 | Hytteutviklere på Lifjell | Endring fra LNF til råstoffutvinning for stein/pukk-uttakpå 30 daa ved Østerlikollen, Lifjell | Same som nr. 34 | Ingen endring |
| 36 | Næring/ sentrum | 18/29 | Kaasa Maskin for Stein Helge Østerli | Endring fra LNF til råstoffutvinning for steinuttak på 5000m3 i Vårbusvingen, Lifjell | Innspelet er ikkje i konflikt med overordna arealstrategiar. I tillegg til steinmasser, er det behov for deponiområde på Lifjell. Innanfor aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord-/flaumskred. Viktig naturtype nær arealet, konsekvensar for naturmangfald og støy for hyttene i Vårbusvingen må vurderast i KU. Området ligg rett utanfor KDP Lifjell. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt arealføremål for råstoffutvinning. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 37 | Næring/ sentrum | 191/5 | Arne Svalastog | Endring fra LNF til næring for ca 19 daa nytt næringsområde på sørsida av rv 36 vest for planteskolen | Arealbehovsanalysa viser at det er tilstrekkeleg med næringsareal i gjeldande planar, og det vil vere uheldig med «klattvis» utbygging av mindre næringsområde, både av omsyn til landskap, utnytting av områda og avkøyringar til riksvegen. Området ligger inneklemt mellom rv 36, jernbane og dyrka mark, dvs at det er behov for 20-30m byggegrense i alle retningar. Med totalbreidde på om lag 100m, blir det vanskeleg å utnytte arealet. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 38 | Næring/ sentrum | 188/35 | Rekanes, Cato | Endring fra LNF til næring for ca 10 daa utviding av eks. næringsområde (lagerbygg (ca 200 m2)/parkering for løstraller) | Arealet er klassifisert som dyrkbart, men ligg på ei smal «hylle» mellom veg og bratt skråning i vest og ikkje i tilknyting til dyrka mark. Transportfirmaet som skal nytte næringsområdet er avhengig av areal for parkering av laustraller der dei ikkje er avhengige av å snu. Ledig næringsareal på industriområde vis a vis, men forslagsstillar har ikkje lykkast å få tak i areal her. Innspelet bør vurderast vidare, og m.a. konsekvensar for trafikk må vurderast. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt areal for næring. |
| 39 | Næring/ sentrum | 191/12 | Arne Svalastog | Endring fra LNF til næring for ca 12 daa nytt næringsområde på sørsida av rv 36 ved Tveit | Arealbehovsanalysa viser at det er tilstrekkeleg med næringsareal i gjeldande planar, og det vil vere uheldig med «klattvis» utbygging av mindre næringsområde, både av omsyn til landskap, utnytting av områda og avkøyringar til riksvegen. Delar av nr 39 sør for rv ligg i lågpunkt for 200-års flaum og nr 40 ligg innanfor flaumsona. Nr 40 er for smal til å få ei god utnytting med 30m byggegrense mot rv 36. Dyrkbar jord i begge områda. Forslaget gjekk ikkje til konsekvensutgreiing. | Ingen endring |
| 40 | Næring/ sentrum | 191/12 | Arne Svalastog | Endring fra LNF til næring for ca 7 daa nytt næringsområde på nordsida av rv 36 ved Tveit | Same som nr. 39 | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 41 | Næring/ sentrum | 55/11 | Telemark kompetansebygg | Endring fra LNF til kombinert formål for ca 0,25 daa for utviding av Hellandtunet | Innspelet er klassifisert som dyrka mark, men ifølgje forslagsstillar blir ikkje arealet dyrka opp fordi det er vanskeleg å kome innpå med landbruksredskap slik arealet ligg som ein trekant inn mot innkøyringa til Hellandtunet. Innspelet gjeld om eit større eksisterande byggeområde skal utvidast med eit areal på 250m2, dvs ei mindre justering, og vert ikkje vurdert som KU-pliktig. Innspelet og avgrensing mot dyrka mark, evt konflikt med strategi 6, bør vurderast vidare i planarbeidet. | Ingen endring |
| 42 | Næring/ sentrum | 191/29, 30 og 47/35 | Øya | Endring fra LNF til næring | Den delen av arealet som ligg langs vegen er dyrka mark, og innspelet er difor i konflikt med strategi om bevaring av dyrka mark. Disponeringa av areala rundt, næring på tre sider og rv 36 mot sør, gjer det vanskeleg å utnytte dette arealet. Innspelet bør difor bli med vidare til trinn 2. | Konsekvensutgreidd. Tilrådd som nytt areal for kombinert føremål, tilsvarande områda rundt. |
| 43 | Andre føremål | 21/1 | Moe, Knut og Anne | Ber om at framtidig vegløsning for Oterholt blir tatt ut av planen. Dersom den bli liggende er ikkje bustadområdet B14 aktuelt å videreføre | Vestfold og Telemark fylkeskommune har gitt tilbakemelding om at det ikkje vert aktuelt å byggje ny veg. | Framtidig vegløysing for Oterholt er teke ut av planen. |
| 44 | Andre føremål | - | Steen, Hans Gunnar | Legge inn gang- og sykkelveg over Gvarvelva fra Teksten camping til Gvarv sentrum | Det er eit godt forslag å etablere ein snarveg over elva. Eit slik tiltak krev ein del forarbeid og utgreiingar, og det har det ikkje vore kapasitet til å utgreie i dette rulleringa av kommuneplanen. Det kan bli aktuelt å innlemme i kommuneplanen ved ei seinare rullering. | Ingen endring |
| 45 | Andre føremål | 188/14 | Evju bygdetun | Endring fra LNF til offentlig/privat tjenesteyting for Evju bygdetun, tilgrensande jorde på andre side av Hørtevegen (ca 25 daa) og tunet på Tangen ved elva (2 daa) | Innspelet berører både dyrka mark, naturverdiar og rasfarleg område. Innspelet kan vere i konflikt med overordna strategiar på desse tema, men bør likevel gå vidare til trinn 2 for å vurdere kva avgrensing/formål som er riktig å nytte på Evju bygdetun for å legge til rette for byggetiltak her (f.o.f. ta i mot eldre bygg frå andre stader) utover det som LNF-formålet opnar for. | Konsekvensutgreidd. Delvis tilrådd lagt inn som nytt føremål for offentleg/privat tenesteyting. |
| 46 | Andre føremål | 78/284 | Sameiet Notevarp terrasse | Endring fra bruk og vern av sjø og vassdrag til småbåthavn med bryggeplass til dei 7 einingane i sameige og gjesteplass. Positive til kyststi | Jf. samfunnsdelen skal arealplanar legge til rette for ein samanhengande «kyststi» langs Norsjø og Gvarv-/Bøelva. Forslagsstillar ønsker å legge til rette for det i kombinasjon med brygga. Innspelet bør bli med vidare til trinn 2 for å vurdere om det er i tråd med denne strategien og strategi nr 8 om å utvikle potensialet i strandsona samstundes som ålmenta skal sikrast tilgang. | Konsekvensutgreidd. Ikkje tilrådd som småbåthamn, men som grønstruktur. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 47 | Andre føremål | 9/467, 9/57 | Familien Fossheim | Skiløype/sykkeltrasé fra H7 og rundt Bøkstulnatten | Ikkje ein del av planprosessen sidan kdp Lifjell ikkje vart inkludert i rulleringa av kommuneplanen. | Ingen endring |
| 48 | Andre føremål | 9/2, 9/32, 9/500 | Familien Fossheim | Forskyving av bunnstasjon for heis F på Lifjell, fjerne nordligste nedfart. | Ikkje ein del av planprosessen sidan kdp Lifjell ikkje vart inkludert i rulleringa av kommuneplanen. | Ingen endring |
| 49 | LNF/LNF spreidd | | Hytteutviklere på Lifjell | Endring fra alpinområde til annet (ikke presisert) formål for heis D (sammenbindingsheisen) mellom Torilstul og Vinterland | Ikkje ein del av planprosessen sidan kdp Lifjell ikkje vart inkludert i rulleringa av kommuneplanen. | Ingen endring |
| 50 | LNF/LNF spreidd | 188/5, 13, 10 | Gunnar Snippen | Endring fra næring til LNF for den delen av næringsområde I2 på Hørte som ikkje er hogd ut, ca 30 daa? | Heile arealet er regulert. Ikkje aktuelt å oppheve dersom reg.plan skal videreføres | Ingen endring |
| 51 | LNF/LNF spreidd | 41/5, 8, 94, 95 | Beboere i Bergenvn og Furuvn, Bø turlag | Endring fra bustad til LNF for Bergenåsen (B4) | Bergenåsen (B4) er vidareført fordi det er sett i gang ein reguleringsprosess for planområdet. | Ingen endring |
| 52 | LNF/LNF spreidd | - | Volden, G og Storkaas, TH | Endring fra bustad til LNF for Skåråfjellia. Områda er ikkje i tråd med vedtatte arealstrategiar. | Skåråfjellia er teken ut av planen fordi området ligg utanfor tettstadene i kommunen. Arealet er derfor i konflikt med med arealstrategiane som er vedteke i kommuneplanens samfunnsdel. | Område for Skåråfjellia (C) er omgjort frå bustad til LNF |
| 53 | LNF/LNF spreidd | | Volden, G og Storkaas, TH | Endring fra bustad til LNF for Bergan/Nykås. Områda er ikkje i tråd med vedtatte arealstrategiar. | Bergan/Nykås er vidareført, fordi arealstrategiane opnar for mindre huskrullar utanfor tettstadgrensene. | Ingen endring |
| 54 | LNF/LNF spreidd | - | Lindheim, Anund | Endring fra LNF A til LNF B (spredt bustadbygging) ved Tinghaugvegen | Tinghaugvegen ligg innanfor tettstadgrensa for Gvarv. Det er lagt til rette for spreidd bustadbygging utanfor tettstadene, men innanfor tettstadene bør utbygging skje meir konsentrert. | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 55 | LNF/LNF spreidd | 175/26 | Hesthag, Bjørg og Jens | Justere formålsgrense for LNF B og hensynssone friluftsliv og landskap slik at den følger tomtegrense, Nesodden | Kulturlandskapet på Nesodden er definert som nasjonalt viktig og grunnlag for avgrensing må sjekkast ut før ein kan ta stilling til innspelet. Av kapasitetesmessige årsaker er dette ikkje blitt prioritert i denne prosessen. Grensene for LNF spreidd er grove, og blei i si tid lagt som resultat av ein buffer frå køyreveg. I denne rulleringa er det ikkje gjort ein detaljert gjennomgang av grensene for LNF spreidd bustad. Derfor vil denne grensa framleis virke litt ulogisk tvers over jordet. | |
| 56 | Føresegner | | Sauherad bustadstiftelse | Fjerning av rekkefølgekrav i gjeldende KPA om idrettsbane ved skolen | Etter tilbakemedling frå idrettslaget har rekkefølgjekravet blitt endra til eit mindre anlegg (7-erbane). | Rekkefølgjekravet om idrettsbanen er omgjort. |
| 57 | Føresegner | <<< | Moe, Anne og Knut | Rekkefølgekrav om grustak på Oterholt - ønsker å kunne bruke det til massedeponi framover jf dispensasjon fram til nå | Grunna tungtrafikk og risiko for ulykker med mjuke trafikantar er det knytt rekkefølgjekrav om at det må godkjennast ei løysing for gåande og syklande langs fv 3334 før grustaket kan utvidast. | Føresegnene presiserer at rekkefølgjekravet gjeld utvida bruk av grustaket |
| 58 | Føresegner | | Rødt Midt-Telemark | Verne myr og våtmark innanfor ulike arealformål gjennom føresegnene. | Det er aktuelt å sikre at myr og våtmark ikkje blir bygd ned. Eit slikt grep er også i tråd med overordna statlege retningslinjer. | Føresegnene hindar nedbygging av myr og våtmark. |
| 59 | Føresegner | - | Fossheim, Helge | Fjerne 30m byggegrense mot dyrka mark | Byggegrensa mot dyrka mark bør vidareførast. Den skal redusere konfliktnivået mellom gardsdrifta og bustadinteressene. I kommuneplan for Sauherad er byggegrensa 20 meter, så ei justering må gjerast. | Byggegrensa mot dyrka mark er endra til 20 meter. |
| 60 | Føresegner | - | 3D Arkitekter | Maks tillatt BYA og størrelse på garasje/uthus i uregulerte område | Føresegner om utnyttingsgrad er vurdert i planprosessen. | Krav om utnyttingsgrad på garasjar og uthus utanfor tettstadgrensene er teke ut. Kravet om 270 BYA for bustader i uregulerte område er teke ut. |
| 61 | Føresegner | - | Lifjell skisenter og Lifjell utvikling | Innspill til føresegner om hyttestørrelse, ikkje behov for nye utbyggingsområde. | Fritidsbustader i kommunedelplan for Lifjell har andre krav til utnyttingsgrad enn fritidsbustader i resten av kommunen. Kommuneplanen bør sjå på korleis desse kan samkøyrast, sjølv om kommundelplan for Lifjell ikkje vert rullert no. | Føresegnene sikrar at kdp Lifjell blir vidareført, med unntak av føresegna om utnyttingsgrad for hyttetomter. Utnyttingsgraden er endra. |
| 62 | Føresegner | | Holtskog og Rudshaug | Endring av føresegner om utnytting av hyttetomter | Sjå nr. 61 | Sjå nr. 61 |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 63 | Føresegner | - | Buengruppen | Diverse innspill til endring av føresegner for hytter | Sjå nr. 61 | Sjå nr. 61 |
| 64 | Føresegner | | Hytteutviklere på Lifjell | Ta i bruk sentrumsområde til parkering. Utbedre bestemorssløyfa eller atkomst inn Anebudalen for skyttelbuss. Forslag til felles regelsett for hyttestr. Ta ut utleieplikt i sentrum, åpne for å bygge turisthytte i høyfjellet. | Området gjeld kommunedelplan for Lifjell, som blei teken ut av planprosessen. | Ingen endring |
| 65 | Føresegner | - | Høgvoll, Lars | Økt BYA for eksisterende fritidsbustader, forenkle prosessen knytt til deling av tomter (ikkje plankrav), høve for auka BYA på store tomter. Like føresegner for hytter i hele den nye kommunen | Sjå nr. 61 | Sjå nr. 61 |
| 66 | Føresegner | - | Langkaas, Arnt | Bustader må ha nok parkering. Maksgrense på 270m2 BYA og maksstørrelse på garasje i uregulerte område bør tas ut. Byggeområde i gjeldende plan bør ikkje tas ut, i så fall må grunneier få kompensasjon. Tilrettelegging for bil viktig. | Føresegner for utnyttingsgrad sjå nr. 60. Vurdering av føresegnene for parkering vil vere ein del av planprosessen. Byggeområde kan takast ut av kommuneplanen utan av grunneigaren kan krevje kompensasjon. | Føresegnene set nye krav til parkering. |
| 67 | Føresegner | - | Langkaas, Per Erik (to innspill) | Maks m2-BYA i uregulerte område bør erstattast med prosentvis grense for BYA. Konsekvenser ved oppheving av eldre planer. | Sjå nr. 60 og 66 | Sjå nr. 60 og 66 |
| 68 | Føresegner | - | Sæland, Are | Bustader må ha nok parkering. Maksgrense på 270m2 BYA og maksstørrelse på garasje i uregulerte område bør tas ut. Tilrettelegging for bil viktig. | Sjå nr. 60 og 66 | Sjå nr. 60 og 66 |
| | Øvrige innspel | 159/14, 160/7 | Toreid, Pål | Ønsker å bygge bustad innanfor sentrumsformål på Akkerhaugen | Mulig etter gjeldende plan - krever ikkje endringer | Ingen endring |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Øvrige innspel | 178/5 | Tangen, Halvard | Ønsker å bygge bustad innanfor sentrumsformål på Gvarv | Mulig etter gjeldende plan - krever ikkje endringer | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | 54/45 | Verpe, Kjell Aage | Omdisponering av friområde i Torsbergåsen til bustad | Står som bustadformål i KPA, krever reguleringsendring | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | | Gjerdrum, Randi | Etablering av økolandsby på Megardsmoen - Økogrend Megardsmoen | Står som bustadformål i KPA, krever evt reguleringsendring | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | 10/108 | Lampe, Jan | Endring fra fritidsbustad til grøntstruktur for ei tomt på Høgefjell, Lifjell | Området gjeld kommunedelplan for Lifjell, som blei teken ut av planprosessen. Det er uansett ikkje aktuelt å legge inn grøntstruktur for ei tomt midt i eit stort område for fritidsbustader på kommuneplannivå. Må tas i reguleringsplan. | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | | Førland, Georg | Videreføre ikkje-regulert bustadområde B7 ved Bakås fra gjeldende plan | B7 a og b er vidareført i plankartet | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | | Torstein Lindheim | Videreføre ikkje-regulerte bustadområde Skåråfjellia og Nykaas fra gjeldende plan | Skåråfjella (område C) er teken ut av planen. Sjå nr. 52 Området for Nykaas er vidareført | Område for Skåråfjella (C) er omgjort frå bustad til LNF |
| | Øvrige innspel | | Hytteutviklere på Lifjell | Beholde heisene som ligg inne i gjeldende plan innover Lifjell | Området gjeld kommunedelplan for Lifjell, som blei teken ut av planprosessen. | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | | Lifjell skisenter og Lifjell utvikling | Alle heisene på Lifjell i gjeldende plan bør videreføres | Området gjeld kommunedelplan for Lifjell, som blei teken ut av planprosessen. | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | | Bø bondelag | Jordvern, klima, risiko | Jordvern, klima og risiko er viktige tema i kommuneplanprosessen | Både jordvern, klima og risiko er håndtert i planen. Planomtala og konsekvensutgreiinga skildrar dette. |
| | Øvrige innspel | - | Midt-Telemark museum | Viser til kulturminneplanens formuleringer om at kommunen skal sikre freda kulturminner gjennom arealplanlegging og ivareta nyere tids kulturminne uten vernestatus, som er viktige for lokalsamfunnet. Videre siteres | Kulturminne er eit viktig tema i kommuneplanprosessen. Eksisterande kommunale planar, og særleg kommuneplanens samfunnsdel, er lagt til grunn for planarbeidet. | Kulturminne er håndtert i planen. Planomtala og konsekvensutgreiinga skildrar dette. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Øvrige innspel | | Rødt Midt-Telemark | Ber om utfyllende kartlegging av verdifulle naturtyper som del av plangrunnlaget, inkl oversikt og vurdering av myr- og våtmarker. Del av KU, selv om de ikkje er klassifisert som spesielt verdifulle etter Naturmangfoldloven. | Viktige naturtyper er eit viktig tema i planprosessen. | Alle nye utbyggingsomrdåe er synfart. Føresegnene set både generelle krav om kartlegging av naturtyper i reguleringsplan og særskilte krav i dei områda der synfaringa tilsa at område hadde potensiale som habitat for viktige naturtyper. Sjå ellers planomtala. |
| | Øvrige innspel | | Naturvernforbundet i Midt-Telemark | Bør legge "arealnøytralitet" til grunn for kommuneplanen og prioritere ei omfattende kartlegging av naturtyper. | Arealnøytralitet er ikkje eit eige prinsipp i planprosessen, men arealreknekskapen viser at totalarealet som er sett av til utbyggingsføremål og LNF spreidd bustad/næring har gått ned, medan totalarealet for LNF har auka. Det er gjennomført ei vurdering av områda med potensiale for viktige naturtyper og sett krav om dette i føresegnene | Sjå nr. 91. |
| | Øvrige innspel | - | Eikjabygda Vel | Ønsker lys langs g/s-veg langs fv 359 og utbedring av Tjønnåskrysset | Lys langs gang- og sykkelveg og utbetring av Tjønnåskrysset må handterast på eit lågare nivå enn kommuneplanens arealdel. Arealdelen hindrar ikkje desse tiltaka. | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | | Volden, G og Storkaas, TH | Hensynssone for Gunheimvegen | Omsynssone for kulturlandskap er ikkje tatt opp til ny vurdering i denne planrulleringa. Det er derfor ikkje lagt inn nokon omsynssone langs Gunheimsvegen, sjølv om det kunne vore aktuelt. Bustadføremålet i Skåråfjellia er foreslått att ut, og dette vil minke presset på vegen. | Ingen endring |
| | Øvrige innspel | | Bø turlag | Breisås, Folkestadåsen, Lifjell, nærfriluftsliv generelt | Kartlegging og verdsetting av friluftsområde er gjennomført og lagt til grunn for planforslaget. Alle utbyggingsområde som råkar friluftslivsområda (mellom anna Folkestadåsen og Breisås) er nøye vurdert og avbøtande tiltak, med flytting av stiar og sikring av tilkomst er gjort i føresegnene. Bergenåsen er vidareført fordi det er ein reguleringsprosess på gang. Les meir i planomtala. Kdp for Lifjell er vedtatt vidareført uendra. | Omsynssoner viser friluftslivsområde med kartlagt verdi. Føresegnene sikrar samanhengande grønstruktur og tilkomst til friluftsområde frå ulike målpunkt. |
| | | | | | | |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Offentleg | | FMVT | Strategisk lokalisering av bustader og næringsvirksomheter for å styrke de eksisterende tettstedene, er et fornuftig grep som vil kunne bidra til å styrke lokalsamfunnene, virke identitetsskapende og bidra til å redusere transportbehov, klimagassutslipp og beslag av dyrka mark. Det er positivt at kommunen legger opp til gjennomgang av parkeringskrav, egnethet og realiserbarhet for eksisterende reguleringsplaner, samt en gjennomgang av Lifjellområdets reiselivssatsing. DSBs veileder om samfunnssikkerhet i arealplanlegging anbefales for ROS-analyse, og beredskaps- og nødetater forventes involvert i arbeidet. Alle nye forslag til omdisponering av grønststruktur eller LNF-område må vurderes utfra konsekvenser for naturmangfold, og det bør tas høyde for at det kan bli behov for feltundersøkelser som grunnlag for konsekvensutredninga. Anbefaler | Innspelet er tatt til orientering. Lifjell er ikkje vorte ein del av kommuneplanrulleringa, i samsvar med reiselivsanalysen. Nye forslag til omdisponering av grønstruktur er synfart og vurdert ut frå konsekvensar for naturmangfald, men ikkje kartlagt etter gjeldande tilrådde metode. Det er gjort ei kartlegging hos lokale entreprenørar som viser at det er behov for fleire massedeponi. På bakgrunn av denne vurderinga er det lagt inn eit forslag til nytt massedeponi ved Rallevegen. | Føresegnene set spesifikke krav til kartlegging av område som er vurdert å ha eit særleg potensiale for naturmangfald. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2 | Offentleg | | Vestfold og Telemark fylkes-kommune | Viktig at kommunen vurderer bustadbehov på bakgrunn av befolkningsutvikling og -samansetning. Strategiar som kan gje redusert transportbehov og attraktive tettstader vil vere viktige føringar forframtidig arealdel. Lokalisering av bustadområde m.m. bør stimulere til trygg ferdsle og fysisk aktivitet. Viktig at ein gjennom føresegner legg til rette for samanhengande grøntstruktur, innslag av grønt i bustadområde og korte avstandar til gode plassar for leik og aktivitet (ekstra korte for dei minste barna). Barnetråkk er eit godt verkty for kartlegging. Viktig at kunnskap om økosystema si betyding for klimatilpassing | Innspelet er tatt til orientering. Planomtala og konsekvensutgreiinga omtalar vurderingar gjort i samband med bustad, samanhengande grønstruktur, tilkomst og tilgang til leikeplassar, bruk av barnetråkk, naturmangfald, handtering av overvatn og miljøvenlege energikjelder. Soneinndelinga i Gvarv er vidareført og uendra for Gvargata. | Omsynssone for viktige kulturlandskap (H550) er vidareført. Ny omsynssone for kulturmiljø (H570) dekker område med særleg viktige kulturmiljø, mellom anna middelalderkyrkjene og Gamlegata. Føresegnene sikrar medverknad frå kulturminnemyndigheit i plan- og byggjesaker. |
| 3 | Offentleg | Jernbanedirektoratet | | Støtter Bane Nor si tilråding om lokalisering av ny tømmerterminal i Midtre Telemark ved Sunde og legg denne til grunn for vidare utvikling av jernbanen i Telemark. Tilrår at kommunen legg ny tømmerterminal, inkludert | Ny jernbaneterminal er konsekvensutgreidd og vurdert i planforslaget. | Areal til ny tømmerterminal ved Sunde er  lagt inn i planforslaget. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 4 | Offentleg | | NVE | Utgreiing av naturfare på kommuneplannivå skal avklare om det er areal med potensiell fare i utbyggingsområde. Naturfare må difor og vurderast i byggeområde i gjeldande plan. Dette fordi tryggleikskrava i TEK17 kap.7 gjeld all utbygging, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting. Tilrår at alle aktsemdsområde for naturfare leggast som omsynssoner, særskilt viktig i høve til spreidd utbygging i LNF. Til omsynssonene må det knytast føresegner med krav om nærare kartlegging av fare i alle plan-og byggesaker. Ny utbygging bør styrast til trygge område. Alle område under marin grense bør leggast som aktsemdsområde pga fare for kvikkleireskred og føresegnene bør syne til NVE sin kvikkleirerettleiar og prosedyre for utgreiing av aktsemdsområde. For å unngå flaum bør nye bygg leggast minst 20m frå bekker og elvar. Areal nærmare vassdrag er å sjå på som aktsemdsområde dersom nærmare vurderingar ikkje blir gjort. | Konsekvensutgreiinga vurderer naturfare for alle nye byggeområde. Fleire eksisterande utbyggingsområde og område for LNF spreidd er tekne ut fordi dei kjem i konflikt med fareområde for skred eller flaum. Føresegnene viser til NVE sine til ei kvar tid nyaste rettleiar - og ikkje til ein spesifikk rettleiar - fordi rettleiarane kan endre seg før kommuneplanen. Flaumvegar er ikkje særskilt kartlagt ved kritiske punkt, utover det som er gjort i eksisterande flaumkartleggingar, men føresegnene set fleire krav om handtering av overvatn, mellom anna at overvatn skal dokumeterast i ein eigen plan for vatn og avløp i samband med både reguleringsplan og byggjesak. Råda om høgspentanlegg er følgt opp. Faresonene for flaum dekker både aktsemdsområde og fareområde fordi det blei for krevjande å splitte opp aktsemdsområda for kvart vesle vassdrag. Føresegnene sikrar likevel at områda som ikkje er kartlagt må kartleggast, og utbygging skal vere i samsvar med tryggleikskrava som er sett i TEK17, kap. 7. | Plankartet viser faresoner for skred, flaum og høgspenningsanlegg, med tilhøyrande føresegner. Eigne føresegner for overvatn er meir detaljerte og oppdaterte. |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | Offentleg | | BaneNor | Formål for jernbaneinfrastruktur og stasjonar, areal til tømmerterminal, vurdering av kons. for jernbane ved ny arealbruk. Tuneller og kulverter bør sikres med hensynssone (H190) med 60m bredde over sporet med føresegner gitt i uttalelsen. Viser til veiledning for planlegging fra Bane NOR. | Til orientering. Sjå nr. 3 Jernbanedirektoratet. | Omsynssone og forslag til føresegner er lagt inn i plankart og føresegner. |
| 6 | Offentleg | | Statens vegvesen | Ingen merknader | Ingen kommentar | Ingen endring |
| 7 | Offentleg | | Mattilsynet | Sikring av drikkevasskjelder og deira nedbørsfelt, trygg og tilstrekkeleg drikkevassforsyning og tilfredsstillande beredskap ved krise. Klausulerte område må synast i plankart og føresegner. | Drikkevasskjelder og tilgang til drikkevatn er teke omsyn til i konsekvensutgreiinga. Eitt forslag til endra arealinnspel blei ikkje teken inn i kommuneplanen av omsyn til eksisterande og potensielt framtidige brønnar. Ei sikringssone for drikkevasskjelder (H110). Eit område er justert etter analyse frå Asplan Viak. | Plankartet viser omsynssone drikkevatn (H110) med tilhøyrande føresegner |

| Nr | Type innsp | G/bnr | Avsendar | Oppsummering av innspel | Vurdering | Oppfølging i plan |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 8 | Offentleg | | Direktoratet for mineral-forvaltning | God arealplanlegging kan medverke til uttak av byggjeråstoff med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp og gjenvinning av mineralske massar av som byggjeråstoff. Det kan redusere presset på bynære grus - og pukkressursar og behovet for massetransport. Synleggjering av mineralressursar i overordna planar kan gje føreseielege rammer. Kommunen har ei rekke førekomstar av grus og pukk. Førekomsten Folkestadmogane er vurdert til å ha regional betyding. Oppmodar til å lage temaplan for mineralressursar. Mineralressursar kan synleggjerast ved omsynssone for å unngå tiltak som vanskeleggjer framtidig utvinning. | Det blir lagt opp til eit nytt og ei utviding av eksisterande masseuttak på Folkestadmogane som Direktoratet foreslår. Masseuttaket i Vårbusvingen ligg i kort avstand til utbyggingsområde i Lifjell. Desse to deponia, saman med utvida massedeponi/kompostering i Rallevegen, vil vonleg redusere behovet for massetransport. Kommunedelplan for skifer og muruttak blei lagt inn i kommuneplanens arealdel ved førre rullering. Føringane frå den prosessen er vidareført i denne kommuneplanen. Ein temaplan for mineralressursar bør gjerast på regionnivå. | Plankartet opnar for to nye arealføremål for råstoffutvinning. Føresegnene set tydelege krav til gjennomføring av eksisterande område. |